

# Avholdshjemmet 1886 – 2011

---

## Det første Avholdshjemmet 1886-1904

Avholdshjemmet vart bygd av Ålesund Totalavholdsforening (seinare Ålesund Avholdslag) som vart stifta i 1878. Den gongen hadde laget 42 medlemmar, derav 35 menn og 7 kvinner.



*Det gamle Avholdshjem*

I 1880 starta ein å drøfte tanken om å bygge eige hus. Den 12.april hadde styret og kvinneforeininga felles møte, der kvinneforeininga foreslo at dei midlane ein kunne bringe til veie, skulle avsetjast i eit byggefond. Tomta vart gitt til avholdslaget frå grosserer R. Rønneberg. I 1884 vart ein byggekomiteen nedsett, den bestod av C.M. Schrøder, Ole E. Uri, O. Engeland, L. Weibust, Hans Holmen, Erik Brude og Johan Humlen. Ei tid etter at byggekomiteen vart oppretta starta ein utsprenging av tomta. Status viser at pr. 31.12.1885 hadde ein klart å skaffe til veie kr 3.517,90. I 1886 vart det første huset reist. Ein planerte tomta i november 1885 og den 3.mai 1886 vart grunnsteinen nedlagt. Den 27. juli fekk byggmester I.A. Johansen frå Trondheim i oppgåve å reise huset for kr. 6.900. Murarbeid, innreiing av kjellaretasjen, omnar og måling var ikkje med i denne summen. Den gong var det 677 medlemmar i laget, derav 448 over 18 år. Historia viser at laget sleit med å skaffe pengar til bygginga. Ved nyttår 1887 stod hovudetasjen i Avholdshjemmet ferdig og laget flytta inn i eigne lokalar. Snart vart og kjellaren ferdig innreidd. Huset kosta den gong kr 12. 320,12, då var ikkje utvendig maling medtatt.

Laget hadde bestemt at det skulle vere kafé i kjellaren som skulle drivast for lagets rekning. Den 7.mars 1887 vart Avholdshjemmet sin kafé starta, under leiing av enkefru Magnussen. I lokala vart det servert kaffi, te, mjølk, sjokolade, kaker, kveitebrød, smørbrød, brus og

selters. I lokala var det og utlagt ein del blad og ein let eit mjølkeutsal inngå i forretningsdrifta. Kafélokalet var inndelt i "Borgerstuen" og "Fiskerstuen". Etter ein mager start der det varierte mellom små overskot eller små underskot viste kafeen etter kvart til ei stabil drift som bidrog til å bygge ein god økonomi for laget. I tillegg til drift av kafé vart huset brukt til lagets aktiviteter, for barn, ungdom og voksne. Medlemmane i laget var politisk aktive. I 1880 vart det stifta barnelag og den 2. november 1893 vart ungdomslaget "Lysglint" starta. Ein hadde eiga songforeining, ein periode hadde ein både eit mannskor og eit blanda kor. Ein hadde musikkorps og eit lite strykeorkester med 6 instrumenter. I høve 25 års jubileet for laget vart det i mars 1903 oppretta bibliotek i huset.

Ved den store by-brannen den 23.januar 1904 gjekk det første Avholdshjemmet opp i røyk. Fortvilinga var stor, laget var utan hus og kafé- og lagsdrifta stansa ei tid opp.

### **Avholdshjemmet blir bygd opp att - Avholdshjemmet av i dag**

Alt på branntomta starta tankane om å gjenreise Avholdshjemmet. Åra 1905 og 1906 gjekk med til planlegging og mykje arbeid knytt til gjenreisinga. Først tok ein opp forhandlingar med firmaet Carl E. Rønneberg & Sønner om å få utvide tomta litt både i lengde og djupne. Dette vart imøtekome og også det nye tomtearealet vart gitt i gave til laget. I ekstraordinær generalforsamling den 5.januar 1905 vart følgjande byggekomité valt: Kjøpmann Kvalsund (formann), M. Elvsås, M. Bjørlo, O. Furmyr, P. Rødset, I. Johansen og E. Sæter (varaformann). Stadsingeniør Solem var rådgivande medlem. Ved større avgjersler skulle og tre varamenn, A.M. Liåen, O. Havnes og O.M. Uri innkallas. I dette møtet vart og mandat for byggekomiteen vedtatt. I generalforsamling 5.mars 1905 vart det løyvd kr 5.900 til planering av tomt m.m. Generalforsamlinga heldt fram den 12. mars og ein vedtok då ein foreløpig byggeplan etter arkitekt Einar Halleland sitt utkast. Bygesummen vart satt til kr 50.000 og i ei ny generalforsamling den 16.april vart Einar Halleland sitt utkast endelig vedtatt mot 1 stemme.

I møte 19.august 1905 vedtok byggekomiteen og styret for laget eit anbod frå murmeister Chruicshjank på kr 14.300 for murarbeid og frå byggmester O. Havnes på kr 19.460 for trearbeid. Laget skulle sjølv skaffe murstein, jernbjelkar, jerntrappar, ei jernbru og male huset m.m. Dette var berekna til å koste kr 14.894.

### **Nokre tekniske opplysningar om det nye Avholdshjemmet (1906)**

*Hovudbygning grunnflate: 345 m2. Bakgarden: 86 m2. Huset er 11,70 m høgt, 19m breitt og 24,5m djupt. Huset bestod av kafé i 1. etasje, konsertlokale m.m. i 2. etasje og rom for bestyrerinne og tilsette for kafeen i 3. etasje. Huset har to trapper/trapperom. Det har 6 stk. piper og hadde 13 eldstader. Taket har ei skråning på mindre enn 45 grader og er dekt av skifer.*

Grunnsteinen for det nye Avholdshjemmet vart nedlagd den 23. august kl. 17. Stemninga var høgtideleg og frammøte var stort. Laget sin formann, kjøpmann R. Kvalsund ga ein kort oversikt over laget sitt arbeid frå stiftinga og fram til då. Han fortalte om planlegginga og


oppføringa av det første Avholdshjemmet og no planlegginga av det nye huset. Deretter la han ned grunnsteinen.

I ei sinkkasse som vart mura inn ved grunnsteinen i det nord vestre hjørnet låg det, sitat:

- A. *De dokumenter som hadde ligget under det gamle Avholdshjems hjørnesten, nemlig:*
  1. *Beretning om lagets stiftelse og virksomhet inntil 1886, om avholdssakens stilling i Ålesund i tiden 1878 – 1886, om tomtens erhvervelse og planering, Avholdshjemmets kostende og lagets økonomiske stilling m.v.*
  2. *Fortegnelse over Ålesunds øvrighetspersoner, prestestand og lagets styre.*
  3. *Lagets årsberetning for 1885.*
  4. *To eksemplar av lagets lover.*
- B. *Nye dokumenter:*
  1. *Et eksemplar av D. N. T. s lover.*
  2. *Lagets tre siste årsberetninger og regnskapsekstrakter.*
  3. *Et eksemplar av jubileumsskriftet (25-året).*
  4. *En kort beretning om planleggelse for oppførelse av det nye Avholdshjem og oversikt over, hvilke midler man rådet over.*
  5. *Plantegning og fasadetegning av det nye Avholdshjem.*
  6. *Et eksemplar av Ålesunds og omegns historie i eldre og nyere tid av Joak. Andersen.*
  7. *En serie bilder av Ålesund før og umiddelbart etter branden.*
  8. *Fortegnelse over byens embedsmenn og formannskapets medlemmer.*
  9. *En kort fremstilling av den politiske situasjon i Norge kort før og etter 7. juni beslutningen bilagt med:*
    - a) *7. juni beslutningens ordlyd*
    - b) *Stortingets skrivelse av 7. juni 1905 til kong Oscar II.*
    - c) *Stortingets proklamasjon til det norske folk.*
    - d) *Resultatet av folkeavstemningen den 13. august 1905.*
    - e) *Den norske regjerings proklamasjon om henvendelse til de svenske statsmakter bifalt i stortinget 22. august 1905.*
  10. *Et eksemplar av de i Ålesund samme dag (23. august) utkomne blade: "Søndmøre Folkeblad", "Søndmørsposten" og "Søndmøre Folketiende"*

8.januar 1906 vedtok ein anbod frå Edv. Rohmen frå Trondheim på kr 2.922 for møblar til kafeen. 13.januar frå O. Havnes for benkar til salen. 25.januar frå John Langseth på kr 1.500

for måling, den 22. februar vart det vedteke å kjøpe inn eit konsertflygel for kr 2.000 og den 9.mars bestemte ein seg for å legge inn elektrisk lys.



*Det nye Avholdshjemmet (fasade)*


Søndag 29.april 1906 vart det nye Avholdshjemmet innvia med stor fest. Fleire heidersgjestar var invitert. Dagen før innviinga skreiv "Søndmørsposten" bl.a.:

*"Avholdshjemmets nye lokaler, som skal innvies i morgen, blir sikkert et av det nye Ålesunds hyggeligste forsamlingslokaler". Bladet ga så ei beskriving av lokala og fortset: "Man får i det hele inntrykk av, at huset er praktisk og godt innredet, og avholdsforeningen ønskes til lykke med de bedrede arbeidskår i sitt nye hjem. På grunn av murerstreiken blir det ved åpningen i morgen ennu meget uferdig ved bygningen".*

Dagen etter innviinga skreiv bladet bl.a.: *"Det nye Avholdshjems innvielsesfest i går aftes hadde fylt det store, prektige lokale til siste plass. Man blev straks satt i feststemning av Ålesunds Orkesterforenings vakre musikk".*

Så fortel bladet at skolestyrer Uri leste Davids 103.salme, opna med andakt og bad om Guds signing over arbeidet i det nye Avholdshjemmet. Festkomiteens formann Joh. B. Sæther ynskte velkommen, etterfølgt av Indremisjonens songkor. Hr. lærer Sæter heldt festtalen. Hr. kjøpmann Kvalsund ga eit innblikk i laget sin økonomiske historie. Medan det gamle Avholdshjemmet hadde kosta rundt kr13.000, ville det nye kome på kr 64.000. Ein ville då ha ei gjeld på kr 24.000.

**Avholdshjemmet nye kafé** vart opna måndag den 30.april 1906 kl. 17. No var laget tilbake i full drift og ein fann seg vel til rette i det nye huset.



*Interiør Avholdshjemmets kafé 1906*



*Interiør Avholdshjemmets kafé 1906*

Drifta av huset gjekk i dei nærmaste åra sin vante gang utan dei store endringane.

I 1913 og 1914 gjorde laget igjen store investeringar på huset. Ei praktfull lysekrone, til ein verdi av kr 2.650, vart innkjøpt til storsalen. Ein bygde om sørfløya og bygde på denne austover. På denne måten fekk ein på plass ein liten sal (i dag kalla peisestova) m.m. Utbygginga kom på kr 10.000. I 1914 starta den store verdskrigen og dette skapte utfordringar for drifta av huset. Ein haldt hjula i gang så godt ein kunne, men spesielt dei unge opplevde vanskelige tider.



*Lysekrona i storsal innkjøpt i 1913*

I åra fram til 1928 var aktiviteten og økonomien i Avholdshjemmet god i alle avdelingar. I disse åra var det mellom 140 til 175 samlingar/arrangement kvart år på Avholdshjemmet. Avholdshjemmet var gjeldfritt og ein hadde til dels mykje pengar i bank, men ein stor del av

desse pengane stod i bankar som no, på grunn av krigen, var fallerte. Kor mykje ein ville få att var uvist.

Den andre verdskrigen vart ein ny hard periode for Avholdshjemmet. Alt tidleg vart huset tatt i bruk av tyskarane. Først ved at dei tok lillesalen i bruk til losjirom og den 4.januar 1942 vart heile huset inkludert kafeen rekvikert. Det vart etter kvart mykje bråk med tyskarane. Dei rota, herja og svina til lokala. Heile storsalen vart bygd om til soldatheim med køyre nesten heilt opp til taket. På galleriet laga dei bar med små rom ved sidan av. Stort betre vart det ikkje då dei på slutten av krigen tok kafeen i bruk til Ortskommandantur. Då frigjeringa endeleg kom stal dei alt av inventar, ingenting var att. Koppar, kar, maleri – alt var vekk. Det var eit trist syn som møtte medlemmane då huset vart frigitt. Ein ordentlig utgassing måtte til før alt som heitte utøy var utrydda. Ein stor innsats frå medlemmane sytte for at huset kom i stand att, sjølv om det påførte både avholdslaget og huset store kostnader.

### **Avholdshjemmet frå 1950 til i dag**

Som eit resultat av dette vart kafeen og store delar av Avholdshjemmet bygd om. På slutten av året 1947 søkte avholdslaget Ålesund kommune om lov til å bygge om kafeen, basert på teikningar av Jens Bangbråten.



*Interiørbilde frå den nye kafeen*

Tidleg på 50-talet bygde ein på 4.etasjen på nordfløya og innreia denne til ei leilegheit og ein hybel. Ein bygde og om lillesalen med nytt tak med innfelte lampar, ein fekk nye innvendige vindauge med farga glas, blomstra tapet på veggane og ein kjøpte inn nye møblar.



*Interiør lillesal 50-talet*

I 1958 vart nye dører i teak sett i frå storsalen til hovudgang og ut til altanar.

I 1959 er det nok ein gong behov for ei oppussing av kafeen, denne gongen med ny maling på veggene og reparasjonar av møbler, nye gardiner m.m. I 1961 kjøper ein nye møbler og sel dei gamle.

Avholdshjemmets kafé vart avvikla 31.mai 1965. Ein opplevde fleire praktiske problem knytt til drifta og kafeen hadde gått med underskot året før. Basert på dette kunne husstyret ikkje lenger tilrå vidare drift og innstilte ovanfor styret i avholdslaget at kafeen skulle leggast ned.

Ein bygde om lokala og etter ei tid flytta Sunnmøre Kreditbank A/S inn (seinare Sunnmørsbanken), etter at dei flytta ut heldt Fretex til der i fleire år før firmaet Laserzone overtok lokala. Dei flytta ut ved årsskiftet 2010/2011. For tida står lokala ledige.

På 60-talet skifta ein og vindauge i 3 etasje i nordfløy og i gang utanfor galleri i sørfløya. Ein skifta taket over sørfløya og reparerte delar av skifertaket inkl. beslag over storsalen.

Til Avholdslaget sitt 100 årsjubileum i 1978 vart sørfløya ytterligare endra, nye toalett vart installert og garderobe pussa opp/forbetra. Veggane i lillesalen vart kledd med finerplater.

I store delar av huset er no mykje av den opphavlege stilens fjerna og ber preg av den tida, stilens og tankegangen som rådde på dette tidspunktet. Dette er og eit direkte resultat av det som skjedde med huset under siste verdskrig. Vegger vart dekt av finerplater, himlingsplater skrudd under tak, fyllingsdører dekt med finer, doble fyllingsdører fjerna og erstatta med enkle finerdører med attbygd sidefelt. Ein sette i nye vindauge innvendig med farga glas,

desse er mindre i høgde og bredde enn eksisterande vindauge ute. Dette vart truleg gjort både for å hindre utsyn til ein trist bakgard, men mest for å hindre kald trekk frå enkle vindauge. Av same grunn vart fleire tak senka til lågare takhøgd.

I denne perioden ser ein i dokument og referat at det har blitt utarbeida fleire prosjekt for utvikling og oppussing av Avholdshjemmet. Fleire av prosjekta har inkludert utvikling av tomta (bnr. 420) avholdslaget på den tida eigde mot Korsegata 4. Alle desse prosjekta har til felles at dei har blitt lagt på is på grunn av manglande evne til finansiering. Fleire av prosjekta har og ein slik karakter at vi i etterkant skal vere glade for at dei ikkje lot seg realisere. Dette fordi stilten på tilbygga braut totalt med stilten på Avholdshjemmet. Dette særleg sett i lys av det fokus ein i dag har på å bevare dei vakre husa og Ålesund som Jugentby.

Det prosjektet som var nærmast å bli realisert og som ein i dag kunne vore godt tent med, er utbygging av bakgarden. Dette vart lansert og ferdig utreda i 1994. Dette prosjektet tok sikte på å løyse problemet rundt dårlege toalett- og garderobeforhold og mangel på heis. Søknad om tilskot var sendt og tilsegn frå kommune/fylke var gitt då indre usemje i avholdslaget sette planane til sides til fordel for nye planar som la vekt på å utvikle huset til hotell/overnattingsstad. Desse siste planane vart det heller ikkje noko av.

Storsalen i Avholdshjemmet vart totalrestaurert i 1999/2000, men ber i dag preg av vannskader som følgje av lekkasjer i takbeslag, sprekk i mur og gamle skorsteinar.

I 2007 vart det lagt nytt tak med nye beslag og pipekledning over 4.etasje (nordfløya).

Den 19.9.2008 vart Avholdshjemmet påført store skadar i forbindelse med utsprenging på nabotomta. Trapperomsveggen mot naboeigedomen i sør-aust vart trykt inn slik at det har skjedd ei forskyving av trapp med repos. Dette igjen førte til at vegg og utbygg på motsett side vart utsatt for eit press som forårsaka store gjennomgåande sprekker m.m. Som eit resultat av dette har hovudinngang med toalett og garderobe samt tilgang til galleri vore avstengt i lang tid. Etter fleire rundar med taksering m.m. er utbetring av denne skaden berekna å starte i veke 44/2011.

Sprengingsskaden har påført Avholdshjemmet store problem knytt til utleiesituasjonen. Faste leidgetakrar har i perioden flytta til andre lokale. Både på grunn av usikkerheit knytt til skaden, men også til vanskar knytt til praktisk bruk av lokalet. Enkelte arrangement har ein måtta sagt frå seg på grunn av manglande kapasitet på toalett/garderobeforhold.

Huset har i dag eit totalt areal på 1110m<sup>2</sup> (1.etasje 385m<sup>2</sup>, 2.etasje 385m<sup>2</sup>, 3.etasje 170m<sup>2</sup> og 4.etasje 170m<sup>2</sup>)



Fasade Avholdshjemmet, Korsegata 6 (2000)



Detaljer fasade Avholdshjemmet





*Storsalen med si flotte lysekroner sett frå galleri*



*Galleri i storsalen sett frå scene*



*Detaljar blyvindauge storsal*

## Betydinga huset har hatt for kultur- og organisasjonslivet i Ålesund

Fram til Parken kulturhus vart bygd i 1998 var Avholdshjemmet og Arbeideren dei store kulturhusa i Ålesund. Song og musikk heldt til på Avholdshjemmet, teater og dans på Arbeidaren.

Salen i Avholdshjemmet er kjend for sin fantastiske akustikk. Vi har merka oss at utøvande kulturarbeidarar og kunstnarar har sagt at lokalet har særskilte kvalitetar som konsert- og teaterlokale og at det også har potensial som utstillingslokale. Nærleik til publikum og størrelse på salen blir framheva som andre gode kvalitetar.

Avholdshjemmet i Ålesund har opp gjennom åra vore eit svært viktig og verdfullt tilskot til kulturlivet, folkeopplysing, folkeleg organisering og demokratibygging. I huset dreiv Ålesunds Avholdslag eige bibliotek. Der var også blandakor, mannskor, musikkorps og strykeorkester med seks instrument. Mykje av dette kom tidleg, i perioden med oppblomstring av folkeleg organisering då behovet for kunnskapsformidling, læring av demokratiske prosessar og praktisk kunnskap i å få i stand møte og kulturarrangement var svært stort.

I 1928 var det 175 årlege samlingar/arrangement i Avholdshjemmet. Så seint som i 1983 var det meir enn 200 samlingar/opne kulturarrangement i lokalet.

Ulike omstende har diverre gjort at Avholdshjemmet har mista noko av posisjonen sin i kulturlivet i byen. Men dette er noko vi no har som mål å rette opp. Behova for møteplassar og samlingsstader er der sjølv sagt også i vår tid, og det å ha ein slik arena som Avholdshjemmet tilgjengeleg for konsertar, teaterframstykkingar og andre kultur- og organisasjonsføremål er uvurderleg. Ikkje all kontakt mellom menneske og skapande verksemid kan gå føre seg på Facebook og Twitter.

Kilder: "Ålesund Avholdslag i 50 år", 30.mars 1878 – 30-mars 1928, av E. Sæter og O.M. Uri  
Styreprotokoller frå Ålesund Avholdslag  
Styreprotokoller frå husstyret i Ålesund Avholdslag  
Teikningar og søknader frå arkiv i Ålesund Kommune